



HANDLINGSPLAN FOR Å FØREBYGGE OG HANDTERE MOBBEÅTFERD VED SYVERPLASSEN BARNEHAGE

JIPPI

EG ER GOD NOK



2020-2022



Innhold:

Å høyre til	s 3
Innleiing / Visjon	s 4
Mobbing i barnehagen	s 4
Mobbeåtferd	s 5
Førebygging av mobbeåtferd	s 6
Førebyggande aktivitetar i lag med born	s 7
Samarbeid mellom barnehage og heim	s 8
Tiltak ved avdekking av mobbeåtferd	s 9





Å HØYRE TIL

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan Magnus Bruheim





Handlingsplan for å førebygge mobbeåtferd i Syverplassen barnehage

JIPPI EG ER GOD NOK

Innleiing:

Handlingsplanen skal vere eit verkty for Syverplassen barnehage, som seier korleis vi skal førebygge mobbeåtferd blant borna og fremje positive handlingsmønster, samt ein plan for korleis vi skal avdekke mobbeåtferd og kva tiltak vi skal sette inn.

Planen må sjåast i samanheng med verksemdplanen, der det står beskrive Syverplassen sin pedagogiske teori og praksis.

Barnehagen har eit mandat frå Stortinget, gjennom Barnehagelova, der målet er at born blir ansvarlege og sjølvstendige menneske, som fungerer i eit sosialt fellesskap.

Barnehagelova seier: « Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap».

Utifrå dette legg verksemdplanen vår vekt på danning av born til gode vaksne, barn sin medverknad og utvikling av sosial kompetanse. Borna si omsorg for kvarandre, det å få gi og ta imot omsorg, er grunnlag for å lære å vere i lag på ein god måte. Dette er førebyggande i forhold til mobbing. Planen "Ei hand å halde i" skal legge eit godt grunnlag for å skape eit slikt fellesskap.

MOBBING I BARNEHAGEN

Når born vert krenka og manglar trygg tilknytning, gir dette grobotn for å ikkje ta omsyn til andre, mobbing og manglande empati. Born lærer seg strategiar for å overleve ved å forsvare seg. Grupper som har lav vaksenstyring og der born sine synspunkt ikkje vert teke på alvor, gjev grobotn for forsvarsstrategiar og at born kjenner seg krenka. Syverplassen barnehage strekkjer seg etter å ha ein autoritativ leiarstil overfor borna, for å førebygge dette.



DEFINISJON AV OMGREPET MOBBEÅTFERD (Ingrid Lund)

«Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller andre barn som hindrer barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull deltaker i fellesskapet».

Mobbing og krenkende åtferd kan vere vanskeleg å oppdage. Derfor er det viktig at vi har ei felles forståing for kva dette er. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom mobbing, erting, aggresjon og konflikt. Både tilsette og føresette bør vere klar over dei spesifikke karakteristiske trekka.

<p>Vanleg konflikt</p> <p>Likeverdige partar eller vener Skjer av og til Tilfeldig Ikkje så alvorleg</p> <p>Same emosjonell reaksjon</p> <p>Søker ikkje makt/merksemd Prøvar ikkje å oppnå noko</p> <p>Dårleg samvit- tek etter kvart ansvar Ønskjer problemløysing</p>	<p>Mobbing</p> <p>Ubalanse i styrkeforholdet/ikkje vener Gjentekne negative handlingar(mønster) Med hensikt/planlagd Alvorlege truslar om fysisk eller emosjonell skade/ekskludering frå leik Sterk emosjonell reaksjon frå offer, ikkje frå mobbar.</p> <p>Søker makt, kontroll, materielle ting Prøvar å få makt over noko/nokon som t.d. leiker</p> <p>Angrar ikkje, skuldar på offeret. Ikkje forsøk på problemløysing</p>
<p>Erting</p> <p>Likeverdige partar</p> <p>Morosam, vanlegvis ikkje skadeleg eller meint vondt</p>	<p>Mobbing</p> <p>Ei form for repetert, vedvarande og negativt handlingsmønster</p> <p>Retta mot einskildindivid og skal skape frykt</p>

(Mobbeåtferd i barnehagen; Ella Cosmovici Idsøe og Pål Roland)



FØREBYGGING AV MOBBEÅTFERD

Førebygging av mobbeåtferd handlar om at vaksne må ta ansvar for å hjelpe borna inn i gode samspelsituasjonar og samhandlingar med kvarandre. Når born ikkje får til leik og samhandling med andre born, treng dei hjelp frå vaksne. Barnehagetilsette må ha god kompetanse i korleis vi øver borna i prososiale handlingar og inkluderande åtferd. Tilsette må også ha kunnskap om korleis vi skal stimulere til gode relasjonar mellom barn-barn. Det å høyre til i ei gruppe og ha felles opplevingar, vil føre til venskap og er ein viktig del av sosialiseringprosessen. Alle born må få delta og medverke ut frå eigne behov og føresetnader, noko som er avgjerande viktig for at borna skal få eit utbyte sosialt og fagleg. Dette gjer vi gjennom :

- Tidleg innsats - Autoritative vaksne

- * Tilsette som har utvikla eit felles verdisyn og menneskesyn med grunnleggande respekt for andre.
- * Tilsette som har utvikla ein felles handlingsmåte, tufta på felles teoriforankring, praksis og kompetanse
- * Tilsette som har struktur og god organisering på avdelingane gjennom dagtavler, gruppedelingar, faste rutinar og ei stabil personalgruppe.
- * Tilsette som er varme og tydelege og er bevisste på å bygge gode relasjonar,- der vaksne viser omsorg, støtte og er sensitive i kommunikasjon.
- * Tilsette som set krav om prososial åtferd og lærer borna korleis dei skal gjere gode handlingar mot andre, utan å forvente noko tilbake. Døme på dette kan vere å hjelpe eit anna barn med å rydde opp perlene som datt ut av boksa.
- * Tilsette som er tett i leik med borna kan observere deira sine relasjonar og oppdage tidleg uønska handlingar/åtferd
- * Tilsette som grip inn ved negativ åtferd og gir tydeleg beskjed om at det ikkje er lov til å gjere slike handlingar. Dette skal gjerast med varme og respekt.
- * **Tverrfagleg samarbeid**
Føresette, PPT, helsestasjonen, barnevern, politi



FØREBYGGANDE AKTIVITETAR I LAG MED BORNA

- Tilsette som er «tett på» og leikar seg i lag med borna gjennom heile dagen, snakkar med borna om korleis dei har det og samtidig er merksame på endringar i åtferd.
- Tilsette som gjennomfører barnesamtalar med fokus på borna sin trivsel.
- Tilsette som har fokus på å utvikle prososiale handlingar for kvarande som t.d. å dele, støtte og hjelpe kvarandre, inkludere og snakke godt om kvarandre.
- Tilsette som hjelper borna til å få ein leikeven. Kanskje må ein «bryte opp» tildegare sosiale band og knyte nye relasjonar?
- Tilsette som les bøker for borna , slik at ein kan ha samtale omkring korleis andre born opplever å ikkje få vere med i leiken, bli utestengde, få høyre at du er ikkje venen min lenger eller bli sparka og slått over tid.
- Tilsette som vel tema der venskap og sosial kompetanse har høg prioritet. Vaksne som m.a. fortel borna om at ein vert såra og lei seg når nokon slår, sparkar eller ein ikkje får vere med i leiken.
- Tilsette som fortel borna om at det gjer vondt når nokon snakkar usant om nokon eller seier at du får ikkje vere venen min lenger.
- Tilsette som fortel om ulike følelseuttrykk , kan gjere det lettare for borna å sette ord på eigne kjensler og opplevingar.



SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG HEIM.

Barnehagen og heimen har eit fellesansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen. I lag med føresette vil vi samarbeide om felles haldningar og verdiar. Vaksne sine haldningar, kunnskapar og ferdigheiter skal gi borna eit godt miljø i barnehagen. I lag med heimen skal vi gje borna den gode barndomen.

Vi må invitere føresette inn i arbeidet med korleis vi arbeider med å bygge relasjonar og sette grenser på ein positiv måte. Føresette er i barnehagen kvar dag og er dei viktigaste rollemodellane. Derfor må dei ved bringing, henting og i andre sosiale samanhengar, tenkje gjennom kva dei seier og gjer, når borna er tilstade.

FØRESETTE KAN ARBEIDE FØREBYGGANDE GJENNOM

- Å helse og snakke med alle borna
- Å invitere til nye venskap ved å invitere barn med heim
- Å snakke positivt om andre born, føresette og om barnehagen
- Å gje beskjed om korleis borna trivest i barnehagen
- Å fylgje opp beskjedar og informasjon frå barnehagen
- Å melde frå til barnehagen dersom dei observerer at nokon vert erta/mobba.
- Å korrigere andre sine barn dersom dei seier noko som er krenkande
- Å vere gode rollemodellar, - seie hei til dei andre borna på avdelinga, gjerne ved å bruke namnet til barnet/borna
- Oppmuntre til å leike med andre
- Møtast på fritidsaktivitetar
- God dialog med andre foreldre og med dei tilsette
- Å vere aktivt deltakande på dugnad, sosiale samkome og i diverse møter.



TILTAK VED AVDEKKING AV MOBBEÅTFERD

Oppgaver	Ansvar
Den som observerer mobbeåtferd, må stoppe handlinga med ein gong. Bruk enkle ord; «Stopp, dette får du ikkje lov til» «Eg ser at du tek hua til Per og hiv den over gjerdet». Bekreft handlinga, gje barnet forklaring på han/ho blir lei seg og involver borna i løysing.	Den som har observert hendinga
Dele informasjonen med pedagogisk leiar, styrar og andre tilsette.	
Tilsette må systematisk observere og kartlegge borna i leik	Styrar/ped.l
Tilsette har kollegarettleing på praksisfortellingar ev. case	Styrar/ped.l
Barnesamtale / Snakke med barnet om det som har skjedd,- der vi har fokus på bekrefting, medverknad, involvering og prososiale handlingar	Styrar/ped.l
Snakke med føresette til barnet som opplever mobbeåtferd. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for samarbeid mellom heim og barnehage	Styrar/ped.l
Snakke med barnet/borna som utfører mobbeåtferd. Vi skal bekrefte og vere tydelege på at slik åtferd ikkje er lov,- og må stoppe med ein gong. Vi gjer avtale om å fylgje opp.	Styrar/ped.l
Snakke med føresette til barnet/borna som utfører mobbeåtferd. Barnehagen har ansvar for å legge til rette for samarbeidet med heimen.	Styrar/ped.l
Utarbeide tiltak som vert gjort kjent for føresette og tilsette.	Styrar/ped.l
Mobbeåtferda må fylgjast opp til den sluttar	Styrar/ped.l
Evaluering og justering av tiltak	Styrar/ped.l
Ny samtale med føresette om korleis det går.	Styrar/ped.l

